

kr. 180.000,- av grasrotmidlane til Uskedalen.

15.01.2019



Uskedal Idrettslag toppar lista i Uskedalen av åtte organisasjonar som vert overført midlar frå Norsk Tipping.

Knappe kr. 180.000,- av Grasrotmidlane går til 8 ulike laga og organisasjonar i Uskedalen. Midlane kjem frå Norsk Tipping. Dersom laget er registrert i Frivilligregisteret, kan 7 % av det tipparen spelar for gå til eit lokalt lag. I Uskedalen er det åtte organisasjonar som vert overført midlar for 2018. Uskedal Idrettslag toppar lista med ei løyving på kr. 91.332,- frå tilsaman 136 brukarar. Minst overføring er det til Uskedal Friluftslag med berre ein tippar.

Her kjem lista over grasrotlaga i Uskedalen:

- Uskedal Idrettslag
- Uskedal skulemusikk
- Røysterett for Alle
- Uskedal Helselag
- Uskedal Ungdomslag
- Festidalen
- Uskedal Utvikling
- Uskeal Friluftslag

I Kvinnherad er de overført 2,5 millionar kroner til 150 frivillige lag og organisasjonar. Det er kr. 900.000,- meir enn året før.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Uskedal Idrettslag - frå Norway Cup